



# Seljord kommune



Orientering til formannskapet 22.04.2021

---

Rådmannen



# Programområde 1

## Sentraladministrasjonen og fellestenester

### Endring i leiarteam

- Ny rådmann, Rikke Raknes er på plass 1.juni.
- Konstituert rådmann, Frid Berge har sagt opp si stilling og har siste arbeidsdag 17. juni.
- Kommunalsjef, Lillian Olsen Opedal har sagt opp si stilling og har siste arbeidsdag 28. mai.
- Torunn Raftevold Rue er konstituert som kommunalsjef for samfunnsutvikling og drift frå 6. april 2021.
- Janne Merete Larsen vert konstituert som kommunalsjef for helse og omsorg frå 1.juni, og i første omgang til 1.september.
- Rådmannen har starta jobben med å rekruttere ny kommunalsjef for helse og omsorg

### Ephorte - status

### Disposisjonsfond – oversikt



# Programområde 2

## Skule og oppvekst

### **Brakker til bruk ved sentrumsskulen**

Før utplassering av brakkene må ein ha formelle godkjenningar på plass i høve til brannvern, forskrift om miljøretta helsevern m.m.

### **Corona**

Nye, nasjonale reviderte rettleiarar for handtering av pandemi var klare i påska. Lokale beredskapsplanar for skulen er oppdatert.

### **Tilsetting**

Mellombels stilling som assisterande einingsleiar/styrar i Tussejuv barnehage. Fast stilling som assisterande einingsleiar/rektor ved Seljord barne- og ungdomsskule.

Lyst ut etter pedagogar, vernepleiarar og assistentar i skule og bhg.

### **Eksamen ungdomstrinnet**

Skriftleg eksamen er avlyst. Munnleg eksamen er planlagt gjennomført med naudsynte smittevernstiltak.

### **Sommarskule**

Kommunen har fått 322 000 kr til gjennomføring av sommarskule 2021.



## Programområde 3

Helse og omsorg

- Status vaksinearbeidet per veke 16
  - 16.04.21: 20,5 % 1 dose, 6,7 % fullvaksinert
  - Veke 16: 78 vaksiner, veke 17: 90 vaksiner
  - Gr. 4 (65-74 år) + dei med høg risiko
- Opning av isolat for pasient med Covid-19
- Seljord kommune har motteke klage på legevakt – Kommunen har avslått innsynsførespurnad og saka er sendt Statsforvaltaren
- Nytt tilskot frå Statsforvaltaren – Motverke smitteverntiltak for barn og unge: 120.000 kr
- Sak om rekrutteringstilskot til nattsjukepleiar går direkte til Kommunestyret
- Kviteseid kommune har sagt opp avtala om å leige langtids plass på institusjon



## Programområde 4

### Samfunn og drift

#### Utbyggingsavtale Nordbygdi – status

#### Kommunalt næringsfond/ regionale utviklingsmidlar

Seljord kommune har nå fått den tredje løyvinga til kommunalt næringsfond/regionale utviklingsmidlar.

1. løyving, i august 2020 kr 1.300.000,- disponert kr 0,-
2. løyving, i februar 2021 kr 267.000,- disponert kr 100.000,- merka tekst reiseliv (Lien fjellgard )
3. løyving, i april 2021 kr 340.000,- disponert kr 0,- Merka Overnatting, og serveringsverksemder

Sum 1.907.000,- disponert kr 100.000,-

Det skal søkast på desse midlane gjennom databasen Regional forvaltning. Denne databasen kan ikkje knytast til sakshandsaming til utval og det kan bli ein utfordring med sakshandsaming i sommar, om det ikkje blir delegera fullmakt til administrasjonen om gje løyvingar gjennom Regional forvaltning.

Disponering av næringsfond/regionale midlar j.f saker til utvalet ligg som vedlegg til saka.

#### 17. mai markering

Det er oppretta dialog med dei lokale 17. komiteane om gjennomføring av 17. mai markeringa